



**Utval:** Formannskapet  
**Møtestad:** Kommunestyresalen, Fitjar rådhus  
**Dato:** 27.09.2017  
**Tid:** 15:00 – 17:30

## Faste medlemmer som møtte:

<b>Namn</b>	<b>Funksjon</b>	<b>Reprenterer</b>
Wenche Tislevoll	Ordførar	H
Agnar Aarskog	Varaordførar	AP
Arne Prestbø	Medlem	H
Sigurd Andre Maraas	Medlem	FRP
Dagfinn Brekke	Medlem	KRF

## Forfall:

<b>Namn</b>	<b>Funksjon</b>	<b>Reprenterer</b>
-------------	-----------------	--------------------

## Varamedlemmer som møtte:

<b>Namn</b>	<b>Møtte for</b>	<b>Reprenterer</b>
-------------	------------------	--------------------

## Frå administrasjonen møtte:

<b>Namn</b>	<b>Stilling</b>
Atle Tornes	Rådmann
Svein Dale Soleng	Ass. rådmann
Trond Salmo	Økonomisjef
Tore Nesbø	Avd. ingeniør drift (i sak PS 56/17)

Wenche Tislevoll  
Ordførar

Bente Fitjar  
møtesekretær

Saksnr	Innhald	Lukket
PS 49/17	Godkjenning av protokoll	
PS 50/17	VA-anlegg Øvrabygdo - strekninga forbi Øvrabygdo skule. Oppstartsvedtak.	
PS 51/17	TV-aksjonen 2017	
PS 52/17	Finans- og gjeldsforvaltningsrapport 2.tertial 2017	
PS 53/17	Selskapsoversikt 2016	
PS 54/17	Uttale til investeringsprogrammet for fylkesvegar 2018-29	
PS 55/17	Rådmannsstillinga - drøfting	X
PS 56/17	Meldingar	
PS 57/17	Ymse	

Sak PS 56/17 Meldingar vart handsama etter sak PS 49/17 Godkjenning av protokoll.

Innkalling og sakliste godkjent utan merknader.

## **PS 49/17 Godkjenning av protokoll**

### **Framlegg til vedtak:**

Formannskapet godkjenner protokoll frå sist møte.

### **Behandling i Formannskapet - 27.09.2017:**

### **Vedtak: (Samrøystes)**

Som framlegg.

## **PS 50/17 VA-anlegg Øvrabygdo - strekninga forbi Øvrabygdo skule. Oppstartsvedtak.**

### **Framlegg til vedtak:**

Formannskapet vedtek å starta opp investeringa som skissert i saka.

### **Behandling i Formannskapet - 27.09.2017:**

Ordførar Wenche Tislevoll (H) ba formannskapet vurdere gildskapen hennar. Mannen hennar har eigarinteresser i Engevik & Tislevoll AS, som er entreprenør for prosjektet. Ho vart samrøystes erklært ugild, og forlet møtet under handsaming av saka.

Ny saksopplysning frå rådmannen: Utval for plan og miljø vedtok samrøystes sak PS 78/17 (vedlegg til denne saka) dagen før.

Formannskapet drøfta saka.

**Vedtak: (Samrøystes, 4 røyster)**

Som framlegg.

**PS 51/17 TV-aksjonen 2017**

**Framlegg til vedtak:**

Fitjar kommune løyver kr. 7.000,- til TV-aksjonen 2017. summen vert å ta av konto 14700 – teneste 1000 – ansvar 1000.

**Behandling i Formannskapet - 27.09.2017:**

**Vedtak: (Samrøystes)**

Som framlegg.

**PS 52/17 Finans- og gjeldsforvaltningsrapport 2.tertial 2017**

**Framlegg til vedtak/tilråding:**

Formannskapet rår kommunestyret til å ta finansforvaltningsrapporten til vitande.

**Behandling i Formannskapet - 27.09.2017:**

Rådmannen orienterte om saka, og svara på spørsmål frå formannskapet.

**Tilråding til kommunestyret: (Samrøystes)**

Kommunestyret tar finansforvaltningsrapporten til vitande.

**PS 53/17 Selskapsversikt 2016**

**Framlegg til vedtak/tilråding:**

Formannskapet rår kommunestyret til å gjera fylgjande vedtak:

Selskapsversikt 2016 vert teke til vitande.

**Behandling i Formannskapet - 27.09.2017:**

Representanten Arne Prestbø (H) kom med innspel om at kommunen framleis bør ha aksjane i Fitjar meieri. Representanten Sigurd André Maraas (FRP) meinte at det er strategisk å ha eigarskap i selskapet som eig den einaste offentlege kaien i sentrum.

Formannskapet vedtok samrøystes å endra siste setning om Fitjar meieri, som skal lyda slik: Fitjar kommune har strategisk interesse av å vera eigar i selskapet, då det eig den einaste offentlege kaien i Fitjar sentrum.

Representanten Sigurd Andre Maraas (FRP) stilte spørsmål om kvifor ikkje aksjane i Sunnhordlandssambandet er selde, då dette tidlegare er gjort politisk vedtak på. Svar frå rådmann og ordførar at dette ikkje har vorte prioritert. Formannskapet meiner at dette må prioriterast no.

Ordførar Wenche Tislevoll (H) peika på at Fitjar kommune har høgare eigardel i Atheno enn andre kommunar. Ynskjer at Fitjar sel noko av sine aksjar, slik at ein kjem på same nivå som dei andre kommunane. Administrasjonen kjem attende med eiga sak om dette.

### **Tilråding til kommunestyret: (Samrøystes)**

Selskapsversikt 2016 – med endring frå formannskapet - vert teke til vitande.

## **PS 54/17 Uttale til investeringsprogrammet for fylkesveggar 2018-29**

### **Framlegg til vedtak:**

Saka vert lagt føre utan tilråding. Eventuelt vedtak vert å formulera i møtet.

### **Behandling i Formannskapet - 27.09.2017:**

Tilleggsinformasjon til saka vart ettersendt som vedlegg, tysdag 26.09.17.

Utval for plan og miljø vart orienterte i møtet i går.

Rådmann Atle Tornes orienterte om saka.

Formannskapet drøfta saka, særskilt om kva prosjekt i Fitjar kommune som bør prioriterast i ein uttale.

Administrasjonen vil utarbeida framlegg til uttale, ut frå innspel som er komne inn i møtet. Uttalen vert sendt ut før gruppemøtet måndag 2. okt.

### **Vedtak: (Samrøystes)**

Det vart ikkje fatta vedtak i saka.

## **PS 55/17 Rådmannsstillinga - drøfting**

## **PS 56/17 Meldingar**

### **Framlegg til vedtak:**

Formannskapet tek meldingssakene til vitande.

### **Behandling i Formannskapet - 27.09.2017:**

Ny helse- og sosialsjef Anne Økland presenterte seg.

Ho orienterte vidare om at fastlege Sahad Mohammed Al-Mosawi har sagt opp. Han sluttar 1. okt., stillinga er lyst ut. Vil prøva å få tak i vikarlege til ny fastlege er på plass.

Pasientane hans, og andre oppgåver han har, vert førebels fordelte på dei to andre legane ved legesenteret.

Meldingar frå rådmannen:

Vigsel i kommunane - føresegnene er nett komne, har ikkje fått sett på dei. Det vert utarbeida felles retningsliner i rådmannsutvalet i Sunnhordland i løpet av hausten, som kvar kommune tilpassar til seg.

Taksering av eigedomar i høve eigedomsskatt har tidlegare vore gjort i jan/febr. Dette arbeidet vert sett i gong no, som og er vanleg praksis i andre kommunar.

Vedk. flykningar er det ei utfordring med å følgja opp budsjettet. Det kjem sannsynlegvis ikkje flykningar til Fitjar i 2018, i Hordaland vil det i hovudsak verta busette flykningar i kommunar med over 5.000 innbyggjarar. Me vil tape budsjetterte inntekter på dette. Jobbar med å finna kva utslag det vil gi i budsjettet, på både kort og lang tid.

#### Meldt i møtet:

- ✓ Rekneskap pr. 1. halvår 2017
  - Rådmannen orienterte om tala i rekneskapen, svikt i skatteinntekter gav underskot på ca 930.000. Me måler mot budsjett med 1,5 mill i pluss, som kan bli utfordrande å nå.
- ✓ Melding om skatteinngang juni-august 2017
  - Skattesvikt, 5 % mindre skatteinntekter enn i fjor. Utjamning kompenserer for 60% av svikten.
- ✓ Moment ved vurdering av ordinært skjønnskot for 2018 (u.off.)
- ✓ Fitjarstølane barnehage, nytt ventilasjonsanlegg
  - Driftsleiar Tore Nesbø orienterte om budsjetteringa av prosjektet, innkomne tilbod, og svara på spørsmål frå formannskapet
- ✓ Vedtak etter sommarfullmakt: Konstituering av rådmann i august
- ✓ KS finansieringsordning av digitaliseringsprosjekt
- ✓ Teikningar jfr statusrapport sjukeheimen
  - Rådmannen orienterte om status for ombygging av sjukeheimen
- ✓ Epost og brev vedk brannsamarbeid i Hordaland/Sunnhordland
  - Brannsjef Tore Nesbø orienterte om saka

Ordførar og rådmann orienterte om reguleringsplan i Årskog, og svara på spørsmål frå formannskapet. Jobbar mot stadfesting av planen i neste møte i utval for plan og miljø og kommunestyret.

#### **Vedtak: (Samrøystes)**

Som framlegg.

### **PS 57/17 Ymse**

#### **Behandling i Formannskapet - 27.09.2017:**

##### Spørsmål frå representanten Arne Prestbø (H):

Avtale SIM-Reno Norden? Veit me konsekvensar for SIM etter nyttår?

Svar frå ordføraren at SIM har inngått avtale med Nord Ren AS – ikkje konkursramma Reno Norden.

Er det tilsett ny leiar i avd for plan og utvikling?

Svar frå rådmann Atle Tornes:

Anne-Lise Næs Olsen har tiltrådt stillinga. Arbeider med å tilsetja ny sakshandsamar på byggesak.

##### Spørsmål frå representanten Sigurd Andrè Maraas (FRP)

Er det er gjort noko med boss i Årskog, som var innspel om i formannskapet før ferien?

Svar frå rådmann og ordførar at dette ikkje er prioritert, men vil verta teke tak i no.

Orienteringar frå ordførar Wenche Tislevoll (H):

Felles formannskapsmøte 24. november.

Kystsoneplan, skal handsamast og vedtakas i fylkestinget i neste veka. Negativ for Fitjar slik den ligg no.